

Stine Osa Karlsen og Ole Magnus Dalland

Dalland 40

5936 Manger

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

### Søknad om gratis skuleskys for skuleåret 2014 -2015

Sonen vår, Magnus Osa Dalland (f. 21.02.07) som går på Manger skule har cirka 3,8 km skuleveg, og har etter det vi erfarer, ikkje rett til gratis skuleskys.

Vi vil med dette søke om gratis skuleskys for Magnus Osa Dalland grunna farleg skuleveg, jfr. Opplæringslova §7-1.

Vi meiner skulevegen er farlig, grunna:


- Smal veg
  - Heile strekninga består av 1 – 1,5-felts veg utan fortau eller gangveg, med unntak av cirka 80 meter frå krysset Radøyvegen/Solendvegen, retning kommunehuset på Manger.
  - Over halve strekninga er smal 1-felts veg utan vegskulder. Her kan det lett oppstå farlige situasjonar, og spesielt om det er brøytekantar langs med vegen om vinteren
- Manglande belysning
  - Vegen er svært lite belyst med veglys. Det er kun veglys på busstoppene på Helland, Dalland og Tveiten, og herfra er det ingen veglys før ein kjem vis-a-vis eigedomen i Radøyvegen 1741, ei strekning på 1,8 km, med 80-sone gjennom nesten heile strekninga.
- Vegdekket
  - Vegdekket er i svært dårlig forfatning og fører til at bilane sporar.
- Trafikktettleik
  - Vegen har tidvis stor trafikk, utan at vi kan vise til tal for kjøretøypasseringar.
  - Aukande tungtransport grunna lokale bedrifter (Natre, Myrtveit Sag og Transport).
  - Landbrukstrafikk med støy og breie kjøretøy på heile strekninga

- Ulykker
  - Ei alvorleg ulykke der to bilar var involvert i krysset ved Ishuset (krysset Radøyvegen/Hellandsvegen) den 18.04.2013.
- Sikt
  - Det er dårlig sikt ulike stader. For å komma ut på Radøyvegen (Ishuskrysset) der eit skilt merka skarp sving er satt opp over autovernet, der 50-sona startar på Radøyvegen i retning Manger med mykje svingar («Korneliusssvingane») og ved hekken som ligg heilt i vegen tilhøyrande eigedomen i Hellandsvegen 111.
- Tilrettelegging av veg
  - Vegen er generelt ikkje tilrettelagt for fotgjengarar med verken fortau, gang-/sykkelvei, over- eller undergang. Det er ikkje overgangsfelt før ein kjem til kommunehuset på Manger.
- Generelt
  - Om vinteren er det ikkje alltid brøyta eller salta før ungane skal til skulen

Manger, 12. mai 2014



Stine Osa Karlsen



Ole Magnus Dalland